

Lokal høyring for innspel til hummarfredingsområde

I 2020 sendte fiskeridirektoratet ut brev til kommunane med ynskje om at alle kommunar starta arbeidet med å etablere eit hummarfredingsområde.

Krav til fredingsområde:

Området skal ha eit godt vassmiljø og variert botnforhold som er egna for hummar. Lokal kunnskap om forholda i området er normalt tilstrekkeleg. Det vert ikkje sett noko begrensing på områdestørrelse. I tillegg bør området vere godt mogeleg å identifisere utan bruk av navigasjonsutstyr, og gode referansepunkt på land kan difor bli nødvendig.

I eit hummarfredingsområde vil det verte forbode å fiske med anna reiskap ein handsnøre, fiskestong, juksa, dorg eller snurpenot.

Eit hummarfredingsområde vert fastsett av fiskeridirektoratet med heimel i havressurslova. Fiskeridirektoratet påpeika i skrivet sitt at lokal forankring var viktig for å legge til rette for gode prosessar og vedtak. Utifrå dette vart følgjande retningslinje lagt til grunn for prosessen.

Sitat frå Fiskeridirektoratet:

- «*Det er kommunen som må ta initiativ ovenfor Fiskeridirektoratet til å sette i gang en prosess med sikte på å etablere et fredningsområde for hummer.*
- *Kommunen må ta en formell beslutning om å starte prosessen. Denne beslutningen som kan være tatt på administrativt nivå, oversendes til Fiskeridirektoratets regionkontor. Regionkontoret vil dermed få oversikt over de prosessene som pågår og kunne gi relevante råd. Kommunen må gjerne ta imot bistand i sitt arbeid fra relevante interesseorganisasjoner.*
- *Den videre prosessen gjennomføres av kommunen i samarbeid med regionkontoret.*
Prosessens vil omfatte å:
 - *Utarbeide forslag til områder*
 - *Kartlegge fiskeriaktivitetene i dem*
 - *Identifisere og vurdere eventuelle interessekonflikter*

- *Gjennomføre lokale prosesser for å gjøre arbeidet kjent og samle innspill fra innbyggere og lokale interessegrupper i forkant av at kommunen behandler forslaget politisk.*
- *Fiskeridirektoratet vil bidra med informasjon om fiskeriaktiviteten i områdene, i tillegg til den som må hentes inn fra relevante interesseorganisasjoner.*
- *Yrkesfiskere, både de lokale og de som er hjemmehørende andre steder, samt aktive fritidsfiskere, vil være gode informanter i prosessen med å identifisere egnede områder for hummeren. Vi oppfordrer til at det aktivt søkes kunnskap fra slike kilder.*
- *Den lokale kunnskapen som innhentes, alt lokalt informasjonsarbeid og høringer skal dokumenteres i kommunens sak. Det vil bli lagt vekt på om bredden i arbeidet er tilstrekkelig til at alle relevante interesser og dermed eventuelle interessemotsetninger er kartlagt. Dette er nødvendig for å sikre at det velges ut områder som er så godt lokalt forankret at reglene blir fulgt uten at det må brukes mye ressurser på kontroll.*
- *Kommunens forslag til fredningsområde må behandles politisk før det sendes over til Fiskeridirektoratets regionkontor. Hele saken, ikke bare selve vedtaket, skal sendes over for å gi regionkontoret det beste grunnlaget for å forberede den nasjonale høringen de skal gjennomføre blant annet gjennom innsyn i alle innspill som ble mottatt i den kommunale prosessen og de interesseavveiingene som ble gjort.*
- *Regionkontoret vurderer så om forslaget er tilstrekkelig utredet slik at det kan sendes ut på nasjonal høring i henhold til forvaltningslovens bestemmelser. Høringsfristen skal normalt være 3 måneder og vi ber derfor om at kommunens vedtak sendes oss senest 1 mai for at vedtak kan komme på plass i god tid før hummerfiske starter 1 oktober.»*

Sektor for samfunnsutvikling fekk denne oppgåva, og i 2021 vart saka annonsert i avis og på heimesida. Her vart det bede om innspel frå innbyggjarane om aktuelle fredingsområde i kommunen. Det kom ingen innspel om konkrete områder her.

I starten av 2022 var ei sak oppe til utval for samfunnsutvikling, der det vart vedtatt at kommunen skulle arbeide for å styrke hummarbestanden i kommunen. Kommunen sendte

invitasjon til ei arbeidsgruppe. Arbeidsgruppa vart beståande av Fiskeridirektoratet, Havforskningsinstituttet, Runde miljøsenter, Søre sunnmøre fiskarlag, og ein representant frå utval for samfunnsutvikling.

Arbeidsgruppa peika seg ut 5 aktuelle område for freding. På Voldsund, Kopperstad, Andebøvika og to område på Runde. Havforskningsinstituttet og arbeidsgruppa har vurdert dei forskjellige områda.

Info om områda under er henta frå uttale frå Havforskningsinstituttet (sjå vedlegg) og innspel frå møte i arbeidsgruppa.

1. Voldsund: Forventast ein del utvandring rundt Kråkøya og Kvieneset, som vil kunne gjere effekten av freding noko mindre. Bør vurdere utviding. Yrkesfiskarar som driv på i dette området.
2. Kopparstad: Forventast ein del utvandring i vestleg og sørleg retning, som vil kunne gjere effekten av freding noko mindre. Bør vurdere utviding.
3. Andebøvika: Området er lite , og ein kan forvente utvandring rundt svartskjæret og langs den austlege grensa.
4. Runde 1 og 2: Naturleg avgrensing av vestleg område rundt Rundebrua. Kan forventast utvandring i austleg retning. Områda kan utvidast. Området med minst utfordringar knytt til fiske.

I slutten av 2022 vart saka satt på vent grunna stor arbeidsmengd for utviklingsavdelinga i kommunen. Landbrukskontoret fekk difor saka, og vi starta opp igjen arbeidet i 2024.


I starten av 2025 vart det kalla inn til nye møte med arbeidsgruppa. Her vart det klart at det er ein kombinasjon av Runde 1 og 2 vil vere det beste , men at eit utvida område i Andebuvika og kan vere aktuelt.

For Andebuvika vart det påpeika at mange fritidsfiskarar brukar dette området, og at dette kan føre til konfliktar. Samtidig er det fleire fordelar med å ha det på Runde. Området ligg nært Runde miljøsenter, samt at det er eit område som er lett å kontrollere.

Utifrå dette kom ein fram til at eit fredingsområde som strekkjer seg frå Kvianeset til Kjerringholmen, og området mellom Runde og Remøya vestover til Rundebrua vil vere det beste. Dette var ei avgrensing som alle i arbeidsgruppa var nøgde med.

For Søre sunnmøre fiskarlag har det gjennom heile prosessen vore viktig å forby taretråling i same området som eit eventuelt hummarfredingsområde skal vere i. Fiskeridirektoratet antyda at det ikkje er noko forsking som syner at hausting av tare har spesielt negative effektar for hummaren. Av over 50 hummarfredingsområder i Norge, er det ingen som har forbod mot hausting av tare.

Kart:



Kommunen ynskjer innspel i den lokale høyringa om:

- Fiskeaktivitet
- Interessekonflikt
- Avgrensing av området